

Song til Bergens kr.landsungdåmslag

---"---"

Tone : I Rosenlund - -

1.

Ein heilag arv fekk me heimanfrå !
Og det me aldri må glöyma.
Den arven vil me ta vare på.
Og i vårt hjarta han göyma !
Må ingen dette ervegull
i frå vår livsveg rive .!
Det fører til oss famnen full
av kraft til kvardagslive.

2.

Og ervegullet er Herrens Ord.
Det för hev hjelpt våre feder.
På uteferd og ved heimebord
det skapte Gudlege seder.
Fekk mang ein sorg til gleda vend.
Det kom med hjartefreden.
La om vår vesle heimegrend
ein glans av sjölve Eden.

3.

Me hamna her i eit "bymiljö",
som sterkt av storbyen anga.-
Her mange sa til si bygd "adjö",
og vart av snobblivet fanga.
So mangt einfaldigt bygdebarn
til jugl og knot vart lokka.
I eit ell' anna freistingsgarn
dei vart ei nikkedokka.

4.

Me difor samlast om arven vår
i helg og ledige timar.
Og tanken heimatt til bygd i går.
Kring barndomsheimen me stimar.
Me **dyrka** vil vårt norske mål
og heimegrendkulturen.
Gud hjelp oss å stå fast som stål,
~~som~~ vakt på samfunnsmuren.